



Fylkesmannen i Hordaland  
Robøle, Anne Grete

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 15/687 - 15/24499

Saksbehandlar:  
Kristin Moe  
Kristin.Moe@lindas.kommune.no

Dato:  
03.07.2015

## Oppfølging av tilsyn med Lindås kommune 12.-13. mai 2015

Vedlagt følgjer plan for retting av avvik i samband med gjennomført tilsyn knytt til barnevern- og helselovgjevinga.

Ved tilsynet vart det avdekkja eit avvik:

Det er svikt i rutinane for tilbakemelding til offentleg meldar. Dette er ikkje avdekt ved gjennomgang av drift og internkontroll i barneverntenesta.

Barnevernet melder at avviket skuldast:

1. Dels at intern rutine for meldingar er mangefull, samt at
2. Eksisterande reglar og rutinar ikkje blir fulgt godt nok opp av den enkelte

Plan for retting av avviket:

Barneverntenesta vil revidere eksisterande rutine innan utgangen av september 2015.

Revidert rutine skal skildre ansvar rundt mottak av meldingar og vurdering av desse, vurdering av kven av offentlege meldarar som skal ha tilbakemelding samt system for å sikre forsvarleg dokumentasjon av vurderingane. I tillegg vil revidert rutine skildre internkontrollsystemet til barneverntenesta, som inkluderer bruk av stikkprøver for å avdekke eventuelle avvik. Ny rutine vil vere i drift frå 1.10.15.

Evaluering og kontroll:

Ny revidert rutine vil bli drøfta og gått gjennom med dei tilsette. I februar 2016 vil barneverntenesta systematisk gå gjennom alle aktuelle saker som er kome inn sidan 1.10.15. Eventuelle svikt eller svake punkt i revidert rutine blir retta opp i etterkant av denne evalueringa.

Med helsing

Kristin Moe  
kommunalsjef oppvekst

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Kopi til:**

Kari Fanebust  
Ørjan Raknes Forthun

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland